vigo
Interkommunalt selskap

# Eksamen

29. mai 2017

DTE2002
Design og produktutvikling

**Programområde:** Design og tekstil

# Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. |
| **Bruk av kjelder** | Om du bruker kjelder i svaret ditt, skal desse alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal oppgje forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Om du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du oppgje nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | Vedlegg 1: Inspirasjonskollasj |
| **Vedlegg som skal leverast inn** | Ingen |
| **Informasjon om vurderinga** | Karakteren blir fastsett etter ei heilskapleg vurdering.<br>• Når du løyser oppgåva, må du skildre vala du gjer, og gi ei grunngjeving.<br>• Kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen viser du ved å:<br>o presentere og bruke fagstoff, og grunngje synspunkt og forslag til løysing på oppgåva<br>o trekkje inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva<br>o gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine<br>o meistre relevante grunnleggjande ferdigheiter<br>o bruke døme der det er relevant<br>o bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og etterretteleg måte |
| **Andre opplysningar** | |

Du er tilsett i eit firma som sel jeansbukser. Firmaet planlegg modellar av vesker til bruk i eigen vindaugsdekorasjon. Målet med dette er å vise og inspirere kundar kva dei kan redesigne frå jeansbukser.

Med utgangspunkt i vedlegg 1 skal du planleggje og utarbeide idéforslag til produkt som kan brukast til dette, og grunngje vala dine.

Krav til veskeprodukta er:

– målgruppe skal vere ungdom (16–25 år)

– vise tydeleg bruk av brukte jeansbukser

– bruke minst 1 av detaljane frå buksene i modellane

## OPPGÅVE 1

Bruk forskjellige teikneteknikkar når du skal teikne skisser av forskjellige veskemodellar. Du skal bruke teikneark i storleik A4.

Du skal teikne forslag til 4 forskjellige vesker. Vel éin av modellane og teikn ei moteteikning i fargar i storleik A4.

## Oppgåve 2

Du skal teikne ei arbeidsteikning med analyse av veska du har valt (moteteikning). Du skal bruke faglege ord og omgrep (teikneark storleik A4).

## Oppgåve 3

Korleis vil arbeidsprosessen din bli når du redesignar frå gammalt til nytt? (frå idé til ferdig produkt av veska di) Du må forklare og grunngje vala dine.

## Oppgåve 4

Lag forslag til ei vindaugsutstilling der presentasjonen av veskene dine er hovudtema. Teksten du har med i dekorasjonen, skal forklare ideane dine. Bruk idéskissene dine som utgangspunkt for vindaugsdekorasjon. Storleik A4.

## Oppgåve 5

a) Ved hjelp av tekst skal du forklare vindaugsdekorasjonen din og grunngje modellvala dine for leiaren din. Bruk faglege ord og omgrep i grunngjevinga.

b) Forklar kvifor du meiner redesign av klede er eit viktig tema i vår tid. Set dette inn i eit tekstilfagleg perspektiv.

# Bokmål

<table>
<tr><th colspan="2">Eksamensinformasjon</th></tr>
<tr><td>Eksamenstid</td><td>Eksamen er på 4 timer.</td></tr>
<tr><td>Hjelpemidler</td><td>Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.</td></tr>
<tr><td>Bruk av kilder</td><td>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</td></tr>
<tr><td>Vedlegg</td><td>Vedlegg 1: Inspirasjonskollasj</td></tr>
<tr><td>Vedlegg som skal leveres inn</td><td>Ingen</td></tr>
<tr><td>Informasjon om vurderingen</td><td>Karakteren fastsettes etter helhetsvurdering.<ul><li>Når du løser oppgaven må du beskrive de valgene du tar, og du må grunngi.</li><li>Kompetansen din i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å:<ul><li>presentere og bruke fagstoff, og grunngi synspunktene dine og forslag til løsning av oppgaven.</li><li>trekke inn ulike synspunkt og løsninger som er relevante for problemstillingene i oppgaven.</li><li>gjøre greie for resultatet/konsekvensene av de faglige valgene dine.</li><li>mestre relevante grunnleggende ferdigheter.</li><li>bruke eksempel der det er relevant.</li><li>bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på en hensiktsmessig måte.</li></ul></li></ul></td></tr>
<tr><td>Andre opplysninger</td><td></td></tr>
</table>

Du er ansatt i et firma som selger jeansbukser. Firmaet planlegger modeller av vesker til bruk i egen vindusdekorasjon. Målet med dette er å vise og inspirere kunder hva de kan re-designe fra jeansbukser.

Med utgangspunkt i vedlegg 1 skal du planlegge og utarbeide ideforslag til produkter som kan brukes til dette og begrunne dine valg.

Krav til veskeproduktene er:

- målgruppe skal være ungdom (16 – 25 år)

- vise tydelig bruk av brukte jeansbukser

- bruke minst 1 av detaljene fra buksene i modellene

## OPPGAVE 1

Bruk forskjellige tegneteknikker når du skal tegne skisser av forskjellige veske-modeller. Du skal bruke tegneark i størrelse A4.

Du skal tegne forslag til 4 forskjellige vesker. Velg en av modellene og tegn en motetegning i farger i størrelse A4.

## Oppgave 2

Du skal tegne en arbeidstegning med analyse av din valgte veske (motetegning).
Du skal bruk faglige ord og begreper (tegneark størrelse A4)

## Oppgave 3

Hvordan vil din arbeidsprosess bli når du re-designer fra gammelt til nytt? (fra ide til ferdig produkt av din veske). Du må forklare og begrunne dine valg.

## Oppgave 4

Lag forslag til en vindusutstillingen hvor presentasjonen av veskene dine er hovedtema. Teksten du har med i dekorasjonen skal forklare dine ideer. Bruk dine idéskisser som utgangspunkt for vindusdekorasjon. Størrelse A4.

## Oppgave 5

a) Ved hjelp av tekst skal du forklare din vindusdekorasjon og begrunne dine valg av modeller for din leder. Bruk faglige ord og begreper i din begrunnelse.

b) Forklar hvorfor du mener redesign av klær er et viktig tema i vår tid. Sett dette inn i et tekstilfaglig perspektiv.

## Vedlegg 1















www.vigoiks.no/eksamen

vigo
Interkommunalt selskap